



# Referat frå Oppstartsmøte 10.12.21

Endring etter pbl. § 12-14 andre ledd  
for 198 RP Arefjord, gbnr. 41/585

PlanID: 124620060042

Til stades:

Frå kommune: Tonje Åsebø, Tone Børtvedt

Forslagsstillar: Eirik Haugland

Plankonsulent: Akons v/Even Akerø

# Generelt plankart og søknad

- Til pkt. 5 under oppsummering av endringar: Vi vil tilrå at planen vert avgrensa til der ein har vist byggegrense i plankart. Vi kan ikkje sjå at det er behov for ein byggegrense, ein bør heller avgrense arealføremålet.
- Vi meiner at ein må teikne inn strandline i skille mellom land og sjø innanfor arealføremålet BBS. Vi tilrår også at ein vidarefører BBS2 og BBS3, i samsvar med gjeldande plan. Dette synleggjer ein inndeling av arealføremålet på land og i sjø. Slik kan ein heller knytte ulike føresegn til arealføremåla, i tillegg krev det mindre endringar av gjeldande føresegn.
- Vi meiner at ein også generelt bør vidareføre dei enkelte feltnamna i samsvar med gjeldande plan, og vi kjem tilbake til dette.
- Anna veggrunn langs veg må tas inn igjen i plankart.
- Treng ikkje regulere anna veggrunn på parkeringsareal.
- Vise småbåtanlegg i plankart, må ta omsyn til feste for anlegget ved innteikning av plassering.
- Pkt. 9 i søknad – det er vist til kommunen som mottakar av varsel. Vi skal berre ha kopi av varsel, og det kan sendast til postmottak.

# Endring av føresegner

- Følgende føresegn vurderer vi at ikkje skal endrast:
  - 2.9.2 og 3.1.5 – Har hatt dialog med byggesak som ikkje meiner det er naudsynt med endring for å sikre at ein kan etablere småbåtanlegg i kvart av felta
  - 4.2.2, unødvendig endring, da det skal få same feltnamn som resterande friluftsføremål, f\_LF2
  - 5.5.6 – BBS2 er ikkje knytt til konkrete eigedomar, og då kan vi ikkje sjå at endringa av føresegn vil ha noko for seg. Det må sikrast tilstrekkeleg parkering på areal som er sett av til dette. Vi vil difor heller ikkje tilrå endring av 6.5.1.
  - 5.6.3, då gjelande feltnamn på land skal gjelde vidare trengs det ikkje endring, og heller ikkje presisering om at det er på land.
  - 6.4.2 – unødvendig utviding av gangveg, meiner den skal ha bredde på 2 m.

# Endring av føresegner – forts.



- Endring av 5.6.1 er akseptert.
- 5.6.4 - vi må få tilsendt illustrasjonsteikning for å kunne ta stilling til om denne føresegna skal tas inn. Dette vil da også gjelde for 6.5.2.
- Endre ordlyd i føresegn frå småbåthamn til småbåtanlegg.

# Avklaringar i møtet

- Kommunen ser behovet for endring av arealføremålet i sjø(den del som vert utvida), for å kunne sikre ferdsel til og frå flytebryggeanlegg.
- Endrar arealføremål i plan mellom der det i planforslag er vist byggegrensing og der føremålsgrrensing går, til bruk og vern av sjø, med ferdsel som underføremål.
- Knytte båt plassar til bestemte gbnr. dersom delar av parkering skal løysast på eigen grunn i staden for parkeringsplass knytt til småbåtanlegget.
- Rette opp vegføremålet, slik at vegen ikkje vert ein del av parkeringsføremål.
- Gjeldande kart viser ein bredde på 1,5 m på gangveg, føresegn seier 2 m, vi held på 2 m.
- Vise plassering av båtanlegget, og opplyse i føresegn og teiknforklaring at plassering er illustrerande.